



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
21/2267-57	11.11.2022	159382/2022/N00	Anna Kristin Villa ,	19.12.2022

Høring av transportfaglig utredning for regionale ruteflygninger i Sør-Norge og Nord-Norge fra 2024

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal syner til brev frå Samferdselsdepartementet datert 11. november 2022, og høring om transportfagleg utgreiing om rutetilbodet på kortbanenettet. Fylkesutvalet syner til vedtak i sak U-166/22 av 29. november 2022:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune opprettheld tidlegare innspel i saken, og presiserer at ruta mellom Ørsta/Volda (HOV) og Oslo (OSL) må halde fram som FOT-rute. Fylkeskommunen er negativ til å bruke prisverkemiddel for å redusere trafikken på Hovden – Oslo. Auka tilgjenge og tilstrekkeleg kapasitet er viktig for næringsliv og befolkning som har Hovden lufthamn som sitt naturlege val.
2. I tillegg ber Møre og Romsdal fylkeskommune Samferdselsdepartementet om å vurdere prognosene på trafikkutvikling i lys av SSB sine data og ikkje undervurdere etterspurnad og dermed naudsynt kapasitet på rutene til/frå Hovden.

Det synast i tillegg til samrøystes vedtak i Samferdselsutvalet 30.11.2022, sak RS-45/22:

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til budsjettavtalen mellom AP/SP/SV og ber om at FOT-ruter tilknytta Hovden blir vurdert for tilrettelegging for innfasing av null- og lågutsleppsfly i den førstkommande anskaffinga.

Med helsing

Tove-Lise Torve
fylkesordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur